



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer:	924 888 946
Organisasjonsform:	Aksjeselskap
Foretaksnavn:	SYKKYLVEN ENERGI HOLDING AS
Forretningsadresse:	Haugsetvegen 33 6230 SYKKYLVEN

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2023 - 31.12.2023
-------------------------	-------------------------

### Konsern

Mørselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Ja

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til konsernet:	Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Trude Breivik
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	10.06.2024

### Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 16.07.2025



### Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Salgsinntekt		6 751 745	6 419 210
<b>Sum inntekter</b>		<b>6 751 745</b>	<b>6 419 210</b>
<b>Kostnader</b>			
Lønnskostnad		4 313 654	4 278 932
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	1, 2	167 585	187 579
Annen driftskostnad		1 871 801	1 477 941
<b>Sum kostnader</b>		<b>6 353 040</b>	<b>5 944 452</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>398 705</b>	<b>474 758</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Inntekt på investering i datterselskap		7 000 000	11 871 795
Renteinntekt frå føretak i same konsern		8 254 574	4 180 837
Anna renteinntekt		82	16 428
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>15 254 656</b>	<b>16 069 060</b>
Rentekostnad til føretak i same konsern		-59 276	56 258
Annan rentekostnad		7 881 900	3 869 450
Annen finanskostnad		160 353	165 308
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>7 982 977</b>	<b>4 091 016</b>
<b>Netto finans</b>		<b>7 271 679</b>	<b>11 978 044</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>7 670 384</b>	<b>12 452 802</b>
Skattekostnad på resultat	3	151 672	2 303 761
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>7 518 712</b>	<b>10 149 041</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>7 518 712</b>	<b>10 149 041</b>
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>7 518 712</b>	<b>10 149 042</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Ordinært utbytte		7 000 000	10 000 000



## Resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Avsatt til annen egenkapital		518 712	149 042
<b>Sum overføringar og disponeringar</b>		<b>7 518 712</b>	<b>10 149 042</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Utsett skattefordel	3	230 672	263 105
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>230 672</b>	<b>263 105</b>
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom	1, 2		
Maskiner og anlegg	1, 2		
Skip og flytende installasjoner	1, 2		
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	1, 2	265 520	433 105
<b>Sum varige driftsmiddel</b>	1, 2	<b>265 520</b>	<b>433 105</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i dotterselskap		130 782 443	130 782 443
Lån til føretak i same konsern		167 880 491	149 772 312
Andre langsiktige fordringer		103 831	93 289
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>298 766 765</b>	<b>280 648 044</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>299 262 957</b>	<b>281 344 254</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Krav</b>			
Kundefordringer		2 326 850	1 939 568
Andre kortsiktige fordringer		19 852	35 515
Konsernkrav		7 000 000	14 169 977
<b>Sum krav</b>		<b>9 346 702</b>	<b>16 145 060</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskudd, kontanter o.l.		2 543 775	2 021 408
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>2 543 775</b>	<b>2 021 408</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>11 890 477</b>	<b>18 166 468</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>311 153 434</b>	<b>299 510 722</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Aksjekapital		19 800 000	19 800 000
Overkurs		104 446 873	104 446 873
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>124 246 873</b>	<b>124 246 873</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annen egenkapital		7 377 211	6 858 498
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>7 377 211</b>	<b>6 858 498</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>131 624 084</b>	<b>131 105 371</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Pensjonsplikter		297 332	446 963
Utsett skatt	3		
<b>Sum avsetjingar for plikter</b>		<b>297 332</b>	<b>446 963</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar		167 880 495	149 772 315
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>167 880 495</b>	<b>149 772 315</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>168 177 827</b>	<b>150 219 278</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		372 801	239 864
Betalbar skatt	3	119 239	1 878 428
Skyldig offentlige avgifter		855 067	728 882
Utbytte		7 000 000	10 000 000
Kortsiktig konserngjeld			2 946 387
Annen kortsiktig gjeld		3 004 416	2 392 512
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>11 351 523</b>	<b>18 186 073</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>179 529 350</b>	<b>168 405 351</b>



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>311 153 434</b>	<b>299 510 722</b>



### Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Salsinntekter	1,2	99 982 196	96 838 581
Anna driftsinntekt		15 562 215	15 134 709
<b>Sum inntekter</b>	4	<b>115 544 411</b>	<b>111 973 290</b>
<b>Kostnader</b>			
Varekostnad		14 543 901	13 614 019
Lønnskostnad	5,7	16 475 118	16 665 744
Avskrivning på varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	8	15 870 333	17 098 881
Annan driftskostnad	5	37 797 749	34 940 481
<b>Sum kostnader</b>		<b>84 687 101</b>	<b>82 319 125</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>30 857 310</b>	<b>29 654 165</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		94 298	62 565
Anna finansinntekt		66 884	65 683
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>161 182</b>	<b>128 248</b>
Annan rentekostnad	10	7 902 469	3 898 039
Annan finanskostnad		404 240	360 996
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>8 306 709</b>	<b>4 259 035</b>
<b>Netto finans</b>		<b>-8 145 527</b>	<b>-4 130 787</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>22 711 783</b>	<b>25 523 378</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	12	5 059 056	5 672 965
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>17 652 727</b>	<b>19 850 413</b>
<b>Årsresultat</b>	13	<b>17 652 727</b>	<b>19 850 413</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Ordinært utbytte		7 000 000	10 000 000
Overføring til/frå annan eigenkapital		10 652 727	9 850 413
<b>Sum overføringer og disponeringar</b>		<b>17 652 727</b>	<b>19 850 413</b>



## Konsernets resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
---------------------	-------------	-------------	-------------

---



### Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Utsett skattefordel	12	2 113 966	2 628 364
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>2 113 966</b>	<b>2 628 364</b>
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	10	302 758 128	299 013 414
Transportmiddel, inventar og maskiner	10	15 662 503	17 694 142
Anlegg under arbeid		3 238 432	3 147 067
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>321 659 063</b>	<b>319 854 623</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i aksjar og partar	15	370 315	355 703
Andre krav		1 506 712	1 372 740
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>1 877 027</b>	<b>1 728 443</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>325 650 056</b>	<b>324 211 430</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
Varer		5 428 670	5 365 979
<b>Sum varer</b>		<b>5 428 670</b>	<b>5 365 979</b>
<b>Krav</b>			
Kundekrav	10	29 408 726	28 887 213
Andre krav	16	705 469	3 683 226
Fond	2,17	6 765 446	3 322 704
<b>Sum krav</b>		<b>36 879 641</b>	<b>35 893 143</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontantar og liknande	18	4 998 451	4 234 638
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>4 998 451</b>	<b>4 234 638</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>47 306 762</b>	<b>45 493 760</b>



### Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>372 956 818</b>	<b>369 705 190</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Aksjekapital		19 800 000	19 800 000
Overkurs		104 446 873	104 446 873
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>124 246 873</b>	<b>124 246 873</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital		30 330 517	19 677 791
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>30 330 517</b>	<b>19 677 791</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>154 577 390</b>	<b>143 924 664</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Pensjonsplikter	7	276 002	3 280 898
<b>Sum avsetjingar for plikter</b>		<b>276 002</b>	<b>3 280 898</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	10	167 880 495	149 772 315
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>167 880 495</b>	<b>149 772 315</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>168 156 497</b>	<b>153 053 213</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	10,18	3 739 766	10 616 054
Leverandørgjeld		13 284 967	31 172 413
Betalbar skatt	12	4 544 658	4 152 100
Skuldige offentlege avgifter		14 366 375	9 822 087
Utbytte		7 000 000	10 000 000
Anna kortsiktig gjeld		6 147 601	6 964 659
Fond	2	1 139 564	0
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>50 222 931</b>	<b>72 727 313</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>218 379 428</b>	<b>225 780 526</b>



## Konsernets balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>372 956 818</b>	<b>369 705 190</b>




Sykkylven Energi  
Holding

ÅRSMELDING | REKNESKAP

2023



[www.sykkylven-energi.no](http://www.sykkylven-energi.no)



## Innhold

<b>Introduksjon av selskapet</b> .....	3
<b>Administrerende direktør har ordet</b> .....	4
<b>Presentasjon av forretningsområda</b>	
Produksjon av straum.....	5
Distribusjon av straum .....	6
Fibernet.....	8
Vassforsyning og avløp.....	9
<b>Styret si melding</b> .....	11
<b>Revisor si melding</b> .....	14
<b>Resultatrekneskap</b> .....	16
<b>Balanse</b> .....	17
<b>Rekneskapsprinsipp</b> .....	19
<b>Notar til rekneskaper</b> .....	21
<b>Kontantstrømoppstilling</b> .....	38
<b>Samfunnsrekneskap</b> .....	39

Følgjande foto er tekne av fotograf Kristin Støylen:  
Side 3

Følgjande foto er tekne av fotograf Marius Beck  
Dahle: Side 1, 2, 8, 10, 21, 25, 28, 37 og 41

Profilbilda er tekne av Fotograf P. P. Lyshol:  
Side 4, 5, 6, 8 og 9


Grafisk produksjon: VOOKAL | vookal.no



Styret Sykkylven Energi konsernet: Frå venstre: Per Magne Drotninghaug, Arvid Skinnnes, Kristin Grebstad, Per Arne Edvardsen (adm.dir), Steinar Johan Bakke, Renate Karlsen, Jarle Strømmegjerde og Odd Arne Krüger.

Sykkylven Energi konsernet består av morselskapet Sykkylven Energi Holding AS, og dei to 100 % eigde dotterselskapa Sykkylven Energi AS og Straumen Nett AS. I tillegg inngår Sykkylven Miljøpark AS som eit 100 % eigd dotterselskap av Sykkylven Energi AS.

#### STRUKTUR FOR SYKKYLVEN ENERGI KONSERNET:



Sykkylven Energi Holding AS er konsernspiss i Sykkylven Energi konsernet. Selskapet er 100 % eigd av Sykkylven kommune.

Sykkylven Energi AS har ansvar for drift og utbygging av kommunen sine anlegg innan vatn, avløp og reno-

vasjon. Sykkylven Energi AS har 3 egne kraftstasjonar med ein samla produksjon på ca. 51 GWh i eit normal-år. Selskapet er også engasjert i utbygging og utleige av fiber i Sykkylven kommune.

Sykkylven Miljøpark AS driv med utleige av eigedom (Sykkylven Miljøstasjon).

Straumen Nett AS eig og driftar distribusjonsnett i Sykkylven kommune. Føremål med verksemda er overføring av elektrisk kraft med høg leveringssikkerheit og leveringskvalitet til kundar i Sykkylven kommune, samt å drive anna verksemd i samband med dette. I tillegg har Straumen Nett aksjar i Elsikkerhet Møre AS.

Elsikkerhet Møre AS koordinerer aktiviteten med tilsyn av dei elektriske anlegga. Selskapet blei stifta 1. oktober 2002, og har som hovudoppgåve å utføre dei lovpålagde tilsynsoppgåvene for eigarselskapa. Elsikkerhet Møre AS er eigd av Nordvest Nett AS, Romsdalsnett AS, Tindra Nett AS, Straumen Nett AS og Linja AS.

Eit viktig arbeidsmål for konsernet er utvikling av samarbeidet med andre aktørar i nærområdet, og korleis ein gjennom samarbeid og spesialisering kan forbetre effektiviteten i selskapet.

Året 2023 vart nok eit godt år for Sykkylven Energi konsernet. Årsresultatet vart på 17,6 millionar kroner for konsernet, noko som er blant topp 3 åra i selskapa si historie. Kraftprisen har vore om lag på same nivå som i 2022, men produksjonen vår har vore 23 % lågare i 2023. Ut frå dette er eg godt nøgd med resultatet til konsernet og innsatsen til dei tilsette.

Forbruket i nettet vårt auka med 2,6 % i 2023. Elektrifiseringa av transportsektoren fortsett i forsyningsområda våre. Vi ser ei auke i installasjon av elbil-ladarar. Tal på heilelektriske personbilar i kommunen har auka frå 11,2% i 2022 til 14,9 % av bilparken i 2023. Dette er eit godt stykke bak landsgjennomsnittet som er på 23,8%. Sjølv om vi ser ei auke i el-bil lading, så har timen med makslast i nettet vårt vore høveleg stabil dei siste 3 åra på 30-31 MW.

I 2023 har vi jobba mykje med strategiane til konsernet. Dette skal gi oss eit meir langsiktig fokus for korleis konsernet skal utvikle sine 4 forretningsområde. For vatn og avløp vart strategien vedteke av styret våren 2023 og strategien til Straumen Nett vart framlagd for styret i desember 2023. Her har dei tilsette lagt ned eit betydeleg arbeid for å klargjere målsetningane for dei komande åra. Vi har gjennom dette arbeidet identifisert eit betydeleg investeringsbehov framover.

Dei siste 2 åra har vi bevisst redusert investeringsnivået og det ventar vi også å gjere i 2024. I 2023 har vi investert 17,7 millionar kroner totalt, noko som er ein nedgang på 6,1 millionar samanlikna med 2022. Vi har ikkje hatt så lågt investeringsnivå sidan 2011. Frå 2025 ventar vi ei betydeleg auke i investeringane og vi reknar med å investere over 200 millionar kroner dei

komande 6 åra frå 2025. I denne perioden skal vi mellom anna styrkja alle tre dammane på kraftverka våre. Vi må reinvestere i det gamle linjenettet vårt og vi ventar også at det er behov for oppgradering av vassforsyninga for å auke tryggleiken på drikkevandet.

Sjølv om vi ventar store investeringar framover, trur vi framleis at selskapet klarer å levere eit jamt utbyte på dagens nivå til Sykkylven kommune. Vår balanse er robust og kommunen har vist ein ansvarleg eigarpolitikk. Vi reknar difor med at selskapa har tilstrekkeleg eigenkapital til å finansiere dei komande investeringane.



**Per Arne Edvardsen**  
Administrerende direktør

Sykkylven Energi har følgende tre produksjonsanlegg:

<b>Riksheim Kraftstasjon</b>	<b>2013</b>
<b>Riksheimdal Kraftstasjon</b>	<b>2003</b>
<b>Ramstaddal Kraftstasjon</b>	<b>1983</b>



Jens Kåre Blakstad,  
avdelingsleiar  
kraftproduksjon.

Alle våre kraftstasjonar er magasinverk. Det betyr at produksjonen er basert på eit vassmagasin og har ein produksjon som kan regulerast uavhengig av nedbør og tilsig av vatn. I Riksheimdalen er det Storevatnet som er magasin for Riksheim Kraftstasjon og Riksheimdal Kraftstasjon, medan det er Årsetvatnet som er magasin for Ramstaddal Kraftstasjon.

#### Aktivitet

I 2023 har vi prosjektert oppgradering av demningane på Storevatnet og Gamlestølsdammen. Endring av klimatiske forhold og nye krav til dammar har ført til at alle våre demningar må styrkjast. Det er vore fleire grunneigarmøter for å informere om arbeidet som skal utførast. Prosjekteringa vil forsette i 2024 og planen er at arbeidet skal gjerast sommar og haust 2025.

Medan vi i 2022 produserte rekordmykje kraft frå våre kraftstasjonar, var produksjonen i 2023 den lågaste sidan 2015. Samla produksjon frå kraftstasjonane var i 2023 på 45,1 GWh, 23 % lågare enn i 2022 og godt under snittet på 51,2 GWh dei siste ti åra. Gjennomsnittsprisen var på 44,5 øre/kWh, som var marginalt lågare enn i 2022.


Nye Riksheim Kraftstasjon har i 2023 produsert 22,4 GWh.

Kraftstasjonen fekk i 2013 tildelt grøne sertifikat for 22,1 % av årsproduksjonen som følgje av modernisering og renovring. Prisen på desse sertifikatane har dei siste åra falle dramatisk og er omtrent verdilause pr. i dag.

#### Produksjon ved Sykkylven Energi sine anlegg:

	Riksheim Kr.St. [GWh]	Riksheimdal Kr.St. [GWh]	Ramstaddal Kr.St. [GWh]	SUM [GWh]
<b>2014</b>	21,5	17,7	2,4	41,5
<b>2015</b>	31,0	21,5	3,4	55,9
<b>2016</b>	26,8	21,4	3,6	51,8
<b>2017</b>	28,2	21,9	4,1	54,1
<b>2018</b>	25,9	21,6	3,2	50,7
<b>2019</b>	27,6	21,8	3,1	52,5
<b>2020</b>	31,2	19,8	4,0	55,1
<b>2021</b>	24,7	17,7	3,7	46,1
<b>2022</b>	30,4	24,2	3,9	58,5
<b>2023</b>	24,0	17,9	3,2	45,1
<b>Snitt</b>	<b>27,1</b>	<b>20,6</b>	<b>3,5</b>	<b>51,2</b>

#### Sum produksjon 2014-2023




Forbruket i 2023 viser ein auke i forhold til 2022 på 2,65 %. Auka svarar til om lag 3 347 MWh som igjen svarar til normalforbruket til om lag 170 husstandar.

2023 vart eit år med 40 % lågare KILE-kostnader i forhold til 2022. Dette er eit nivå som må reknast som eit normalår.

Måten tilstandskontrollen har vore utført på gjer at vi berre har hogst nødvendige utkoplingar i nettet. Dette bidreg positivt i KILE rekneskapen.

Leveringsgrad utrekna som ein prosentsats basert på forholdet mellom faktisk levert energi og "manglande levering" grunna avbrot er 99,9872 % i 2023.



Halvard Hjorthol,  
nettsjef.

## KILE-STATISTIKK I KRONER

KPI-justert KILE- KOSTNADAR	IKKJE VARSLA AVBROT		VARSLA AVBROT		SUM AVBROTSKOSTNADAR		
	Andre Kr	Eige nett Kr	Andre Kr	Eige nett Kr	Andre Kr	Eige nett Kr	Sum Kr
2023	0	565	0	93	0	658	658
2022	0	957	0	127	0	1 084	1 084
2021	0	357	0	172	0	529	529
2020	0	845	0	154	0	999	999
2019	0	207	0	62	0	269	269
2018	0	241	0	75	0	316	316
2017	0	234	0	147	0	381	381
2016	0	1 080	0	93	0	1 173	1 173
2015	0	1 054	0	144	0	1 199	1 199

Statistikk i heile tusen kr.

## KILE-STATISTIKK I ANTALL KUNDEAVBROT

	IKKJE VARSLA AVBROT		VARSLA AVBROT		SUM KUNDEAVBROT			SNITT pr. kunde
	Andre Antall	Eige nett Antall	Andre Antall	Eige nett Antall	Andre Antall	Eige nett Antall	Sum Antall	
2023	0	3 132	0	783	0	3 915	3915	0,79
2022	0	14 540	0	1 153	0	15 693	15 693	3,21
2021	0	3 287	0	2 314	0	5 658	5 658	1,17
2020	0	12 006	0	1 549	0	13 555	13 555	2,83
2019	0	8160	0	433	0	8593	8593	1,77
2018	0	4411	0	954	0	5365	5365	1,2
2017	0	3 288	0	1 452	0	4 740	4 740	1,03
2016	0	6 783	0	665	0	7 448	7 448	1,6
2015	0	7 676	0	745	0	8 421	8 421	



## INVESTERINGAR


Etter nokon år med høge investeringar har investeringane dei fire siste åra vorte redusert. Investeringane for 2023 er omlag på same nivå som året før og består av fleire mindre prosjekt for nye kundar og ombyggingar. I 2023 var det eitt prosjekt med kostnader over 1 million kroner. Dette var omlegginga av kablar på fylkesveg 60 i rundkøyringa ved småbåthamna. Framover reknar vi med

at nettet må oppgraderast på grunn av elektrifiseringa som skjer innanfor transportsektoren. Vi ser at talet på el-bilar aukar kvart år. Vi har også eit gammalt linjenett som må fornyast i løpet av dei kommande åra. Dette gjer at vi reknar med ei auke i investeringane i åra som kjem.

## FORBRUK FORDELT PÅ KUNDEGRUPPER OG ÅRSFORBRUK 2023

	Antal abonnentar	% fordeling	Årsforbruk MWh	% fordeling
Bergverksdrift og utvinning	2	0 %	17	0 %
Bygg og anleggsverksemd	55	1 %	1 445	1 %
Div. forsynings- og renovasjonsverksemd	9	0 %	176	0 %
Diverse tenesteyting	343	7 %	14 816	11 %
Hushaldning og fritidsbustadar	4 441	87 %	62 544	48 %
Industri	121	2 %	38 571	30 %
Jordbruk, skogbruk og fiske	74	1 %	1 028	1 %
Transport og lagring	14	0 %	5 069	4 %
Varehandel m.m	75	1 %	5 552	4 %
<b>Sum</b>	<b>5 134</b>	<b>100,00 %</b>	<b>129 219</b>	<b>100 %</b>

## FORBRUK FORDELT MELLOM HUSHALDNING/FRITIDSBUSTAD OG NÆRING



## ORD OG UTTRYKK

<b>V</b>	=	volt
<b>kV</b>	=	kilovolt
<b>A</b>	=	ampere
<b>W</b>	=	Watt
<b>kW</b>	=	kilowatt
<b>MW</b>	=	megawatt
<b>kWh</b>	=	kilowatt-time
<b>MWh</b>	=	megawatt-time
<b>GWh</b>	=	gigawatt-time
<b>TWh</b>	=	terawatt-time

**kV** = 1000V = måleining for spenning  
**A** = måleining for straum  
**kW** = 1000 watt = måleining for effekt  
**MW** = 1000 kilowatt  
**MWh** = 1000 kWh  
**GWh** = 1 mill. kWh = måleining for energi  
**TWh** = 1 milliard kWh


Sykkylven Energi har bygd ut fiber til næring og private i Sykkylven. Forretningsområdet har hatt ei god utvikling med jamn vekst år for år. No er dei største investeringane gjort og vi er kome over meir i ei driftsfase med noko fortetting. I 2023 auka omsetninga innan fiber med 7,9 %, medan resultatet auka med 46,5%. Vi er difor godt nøgde med utviklinga av denne verksemda. Alle fastbuande har no tilbod om fiber og i tillegg er områda med størst potensiale på Fjellsetra ferdig utbygd. Vi ser no at kundeveksten fell, men at det framleis vert nokon nye kundar ved fortetting i utbygde områder.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit arbeider no med marknadsanalyser av breibandmarknaden. Her blir fleire aktorar peika ut til å ha sterk marknadstilling og kan få krav om å opne tilgangen til fibernetta sine. I Møre og Romsdal gjeld dette Tafjord Connect i nordlege del av Sunnmøre, Tussa IKT i sørlege del av Sunnmøre og Neas på Nordmøre. Det som blir spennande å følgje framover blir korleis prisane for tilgangen i fibernetta skal regulerast. Det har det foreløpig ikkje blitt sagt noko om.

#### Våre samarbeidspartar på fiber

Samarbeidet med NextGenTel om levering av tenester til heimane held fram etter avtale om levering av FTH-tenester i Sykkylven. I 2021 innleia NextGenTel eit samarbeid med RiksTV. Vi ser at dette betrar kvaliteten på TV levert via fiber og kundetilfredsheita i kommunen. I 2022 og 2023 har vi oppgradert utstyr som har ført til betra kvalitet på internett.


For levering av tenester og breiband over fiber til næringslivet så har Sykkylven Energi ei stor kontaktflate mot samarbeidspartar i og utanfor Sykkylven. Dette gir næringsverksemdar konkurransedyktige og driftssikre tenester på samband ut av bygda.



Nikolai S. Nordstrand, ansvarleg for fiber til næringsverksemdar.



Arve Opsahl, ansvarleg for Fiber til heimen (FTH).




Styret vedtok strategi for VA området i april 2023. Arbeidet starta med ei SWOT analyse der ein såg på sterke og svake sider i dag og moglegheiter og trugslar framover. På bakgrunn av denne analysa så vart det valt ut ulike fokusområde, både for å bli mindre sårbar men også for å kunne utnytte kompetanse og ressursar innanfor nærliggande fagområde. Dei strategiske måla er samtidig forankra i FN's bærekraftsmål og beskriv kva vi vil gjere for å oppfylle desse.

## Investeringar

Dei største investeringane har vore:

- Bygging av vassleidning Fjordvegen på Aursneset
- Utsifting vassverkkummar i Grebstadlia
- Utsifting av avløpsleidning Storgata
- Oppgradering av Vik reinseanlegg
- Utsifting av avløpsleidning ved sentrumsskulen
- Utsifting av vass- og avløpsleidningar i samband med rundkøyring ved småbåthamna
- Utsifting av avløpsleidning ved bedehuset i Straumgjerde
- Sikring av avløpsanlegg mot tilbakestraum av ureint vatn på vassleidningsnettet

Samla investering innan vassforsyning var på kr. 4,17 mill. kr. og avløp kr. 4,58 mill.



## Drift og vedlikehald

Ved utgangen av 2023 så hadde 70 % av abonnentane til vassverket installert vassmålar og tilsvarande 66 % på avløp. Instrumentering og digitalisering er eit satsingsområde for å få best mogleg drift av VA anlegga, mellom anna innan lekkasjereduksjon. Med sensorar ute på vassleidningsnettet som registrerer forbruk og dataprogram som nyttar maskinlæring for å kunne sjå utvikling av vassforbruk så har ein gode verktøy. I tillegg så er det tatt i bruk nytt utstyr for å lytte etter lekkasjar i nettet. Oversikta over vassproduksjon viser at forbruket no er om lag halvert sidan 2002. Målet er 20 % lekkasjetap, dvs. vassproduksjon på 350 000 - 400 000 m<sup>3</sup> per år.



Ivar Selsbakk, avd.leiar VAR.


Vassproduksjon Årset VB (m<sup>3</sup>)




## Fondsutvikling

For vatn vart fondet redusert med kr 2.329.880 til kr -2.530.913, for avløp vart fondet redusert med kr 3.335.045 til kr - 6.108.804. For renovasjon vart fondet redusert med kr 191.388 til kr 1.874.270. Samla reduksjon i sjølvkostfonda for alle område vart dermed kr 5.856.313 i 2023. Auka rente og prisvekst er hovudårsak til den negative utviklinga. I samband med fastsetting av VA gebyr for 2024 så vart det utarbeidd ein plan for inndekking av negative fond i løpet av ein 10 års periode.

Fondsutvikling VAR 2002 - 2023







Sykkylven Energi Holding AS vart stifta 27. mars 2020. Selskapet er konsernspiss i Sykkylven Energi konsernet. Selskapet er 100 % eigd av Sykkylven kommune.

Hovudkontoret er lokalisert i Sykkylven og konsernets verksemd er lokalisert innanfor Sykkylven kommune.

Styret har etter ordinær generalforsamling i 2023 hatt desse medlemmane:

Steinar J. Bakke (leiar), Kristin Grøbstad (nestleiar), Jarle Strømmejerde, Odd Arne Krüger, Renate Karlsen, Per Magne Drotninghaug og Arvid Skinnnes.

Styret har avhalde 6 styremøte i 2023 og 35 protokollerte saker er handsama. Det er ikkje teikna styreansvarforsikring for styrets medlemmer eller administrerende direktør.

## ORGANISERING

Frå 1. januar 2021 var det krav til selskaps messig skilje mellom EL-distribusjon (nettverksemda) og anna verksemd. For å tilpasse seg dei lovpålagte krava vart Sykkylven Energi konsernet etablert.

Sykkylven Energi konsernet (SE konsern) består av morselskapet Sykkylven Energi Holding AS (SE Holding), og dei to 100 % eigde dotterselskapa Sykkylven Energi AS (SE) og Straumen Nett AS (SN). I tillegg inngår Sykkylven Miljøpark AS som eit 100 % eigd dotterselskap av Sykkylven Energi AS.

Sykkylven Energi AS (SE) har ansvar for drift og utbygging av kommunen sine anlegg innan vatn, avløp og renovasjon. SE har 3 eigne kraftstasjonar med ein samla produksjon på ca. 51 GWh i eit normalår. SE er også engasjert i utbygging og utleige av fiber i Sykkylven kommune.

Straumen Nett AS (SN) eig og driftar distribusjonsnettet i Sykkylven Kommune. Føremål med verksemda er overføring av elektrisk kraft med høg leveringssikkerheit og leveringskvalitet til kundar i Sykkylven kommune, samt å drive anna verksemd i samband med dette.

Sykkylven Miljøpark AS driv med utleige av eigedom (Sykkylven Miljøstasjon).

## ØKONOMI

Samla driftsinntekter for SE Holding i 2023 var kr 6.751.745 (6.419.210), medan samla driftskostnader var kr 6.353.040 (5.944.451). Driftsresultatet vart kr 398.705 (474.759). Samla driftsinntekter for SE konsernet i 2023 var kr 115.544.411

(111.973.289 ) medan samla driftskostnader var kr 84.687.101 (82.319.125). Driftsresultatet vart kr 30.857.310 (29.654.164). Årsresultatet etter skatt vart på kr 7.518.712 (10.149.042) for SE Holding AS. Årsresultatet består hovudsakeleg av utbytte frå Sykkylven Energi AS. Årsresultat før skatt for SE konsernet viser kr 22.711.783 (25.523.378) og resultat etter skatt kr 17.652.727 (19.850.413).

Produksjon frå eigne kraftstasjonar er normalt den viktigaste bidragsytaren til SE sitt resultat. Våre tre kraftstasjonar produserer til saman 45,1 GWh i 2023. Dette er ein reduksjon i forhold til 2022 då produksjonen var på 58,5 GWh. Spotprisen på eigenprodusert kraft vart i 2023 på 44,46 øre kWh, noko som er 41 % høgare enn gjennomsnittsprisen for perioden 2020-2022 (30,0 øre kWh). Styret forventar eit godt resultatnivå framover, men resultatet vil vere sterkt avhengig av kraftprisane i marknaden.

NVE berekna årleg ei tillat inntekt for kvart nettselskap. Den tillatne inntekta avgjer kor mykje tariffinntekter SN kan ta inn frå kundane. Tillat inntekt består i hovudsak av ei inntekts ramme fastsett av NVE, men også av kostnader til overliggjande nett. Inntektsramma vert årleg fastsett med utgangspunkt i selskapet sitt kostnadsgrunnlag, KPI og rente, og ramma vil derfor svinge frå år til år.

SE Holding har gjennom året hatt ein samla kontantstrøm frå driftsaktivitetar på kr 10.522.366 (8.579.033).

Konsernet har gjennom året hatt ein samla kontantstrøm frå driftsaktivitetar på kr 17.221.307 (24.607.439). Investeringar i konsernet i 2023 utgjorde kr 17.674.774 inkl. anlegg under arbeid. Det forventast eit høgt investeringsnivå i åra framover. I Sykkylven Energi skal ein gjennomføre pålagt rehabilitering av demningar, oppgradering av vassbehandlingsanlegg og imøtekomma auka krav til reinsing av avløp. I tillegg er det behov for auka leidningsutskifting for å oppretthalde nasjonal målsetting om 100 års levetid. Elektrifisering av transportsektoren, reinvestering av gamle høgspennelinjer og auka aktivitet i industrien fører til at også Straumen Nett står ovanfor auka investeringar i åra som kjem. Netto kontantstrøm frå finansieringsaktiviteter var på kr 1.231.892 (-10.472.083).

SE Holding og SE konsernet har ei tilfredsstillande finansiering. SE Holding har ein total kapital på kr 311.153.434 (299.510.722) og ein eigen kapital på kr 131.624.084 (131.105.371). Selskapet sin eigen kapitalprosent er ved årsskiftet 42,3 % (43,8%). Med ein total kapital i konsernet på kr 372.956.818 (369.705.190) og ein eigen kapital på kr 154.577.390 (143.924.664) vurderer styret SE Holding og SE konsernet sin finansielle stilling etter utbytteutdeling som tilfredsstillande.



## FINANSIELL RISIKO

Marknadsrisiko er definert som risiko for tap som følge av endringer i marknadpriser på renter, valutakursar og verdipapirkursar. Konsernet sin marknadsrisiko er avgrensa. Resultatet frå kraftproduksjonen vert påverka av tilsigssituasjonen og kraftpris. SE kan nytte finansielle instrument for å prissikre deler av inntektene frå kraftproduksjonen. SE har i 2023 ikkje hatt aktive sikringskontraktar og det er heller ikkje inngått sikringskontraktar for 2024. SE er vidare eksponert for valutarisiko som følgje av at oppgjersvalutaen for kraftsalet er i Euro. Det er ikkje inngått valutakontraktar for 2023 eller hittil i 2024. Selskapet har utarbeidd ein intern risikomanual som set rammer for den finansielle risikoeksponeringa.

Pensjonsmidlane konsernet har er risikoutsett både innanfor renter, valutakursar og verdipapirkursar. Risikoeksponering og sikring er styrt gjennom forvaltning i Kommunal Landspensjonskasse, KLP.

Renterisiko påverkar konsernet gjennom renteberekening av sjølvkostområda, nettregulering knytt til inntektsramma og renteberande gjeld. Renteendringar vil for sjølvkostområda og nettverksemda i stor grad utlikne kvarandre gjennom endring i inntekter og kostnader. For konkurranseutsett verksemd som kraftproduksjon og fiber vil auke i renta gi auke i finanskostnadar og redusert resultat.

Kreditrisiko er definert som risiko for tap som følgje av at kundar eller motpartar ikkje har evne til å oppfylle forpliktingane sine. Konsernet har liten risiko for tap på fordringar, då legalpant kan nyttast i innfordringa av eigedomsgebyr og rett til å stenge anlegg er et nyttig tiltak i innfordringa av nettleige.

Likviditetsrisiko er definert som risiko for at konsernet ikkje klarer å oppfylle forpliktingane sine og/eller finansiere auke i driftsmidlar utan at selskapet vert påført vesentlege ekstrakostnader. Konsernet har evne til å finansiere drift og investeringar gjennom tilgang på likviditet frå innbetalt eigedomsgebyr, kraftsal, nettleige og utleige av fibernet. Konsernet har også tilgang på naudsynt likviditet via ekstern bank. Konsernet har inngått avtale om konsernfinansiering som sikrar selskapa tilgang på tilgjengelege trekkrettigheter. Risikoen vert difor vurdert som låg.

## VATN, AVLØP OG RENOVASJON

Dei lovpålagte oppgåvene SE utfører på vegne av Sykkylven kommune skal utførast til sjølvkost. Sjølvkost vil seie at abonnentane skal betale meirkostnaden ved å produsere ei teneste. Selskapet skal gå i økonomisk balanse på sjølvkosttenestene. Sjølvkostresultatet vert overført til sjølvkostfond.

Samla inntekter frå gebyr for vatn, avløp og renovasjon var på kr

34.868.108, medan driftskostnadane var kr 36.598.208. Renter på fond og investeringar vart på kr 4.135.831. Dei akkumulerte sjølvkostfonda er negative pr. 31.12.2023, med kr 6.765.446. For vatn vart fondet redusert med kr 2.329.880 til kr -2.530.913, for avløp vart fondet redusert med kr 3.335.045 til kr -6.108.804. For renovasjon vart fondet redusert med kr 191.388 til kr 1.874.270. Samla reduksjon i sjølvkostfonda for alle område vart dermed kr 5.856.313 i 2023. 2023 har vore eit utfordrande år med ikkje planlagde driftshendingar, høg kostnadsvekst og auka sjølvkostrente.

Attvin (tidlegare Ålesundsregionens Interkommunale Miljøelskap IKS) har ansvaret for innsamlinga av hushaldsavfallet, samt drifta av miljøstasjonane.

Standard- og kvalitetshevinga innan VAR-sektoren dei siste åra er eit resultat av oppfølginga av gjeldande hovudplanar.

## PRODUKSJON I EIGNE KRAFTSTASJONAR

Riksheim kraftstasjon	22,4 GWh
Riksheimdal kraftstasjon	19,5 GWh
Ramstaddal kraftstasjon	3,2 GWh
Sum eigenproduksjon	45,1 GWh

Spotinntekta frå 45,1 GWh var 20,0 mill. kr, dette gir ein gjennomsnittleg pris på 44,46 øre/ kWh eks mva. Utover dette har SE hatt ekstraintekter frå sal av opphavsgarantiar på 2,3 mill. kr i 2023. Markedet for opphavsgarantiar har fått eit oppsving i samband med nye EU direktiv, der fokus på at bedrifter skal kunne dokumentere berekraft står sentralt.

## FIBER

SE leverer fiber i Sykkylven kommune, og har ein samarbeidsavtale med NextGenTel for tenesteleveranse til hushaldskundar. Næringslivskundar i Sykkylven kan fritt velje leverandør av breibands- og IKT-tenester gjennom SE sitt fibernet.

## EL-DISTRIBUSJON

Totalt vart det i SN sitt linjenett transportert 148,4 GWh i 2023. Tap i nettet var på 6,4 GWh (4,3 % av totalt transportert i nettet). Energi levert til sluttbrukarar i kommunen var 129,2 GWh.

I 2022 vart tariffane justert slik at vi i løpet av dette året tilbakeførte all meirinntekt til våre kundar og enda med ei bokført mindreinntekt ved inngangen til 2023. I 2023 vart nettleigetariffane justert tilbake til normalt nivå. I 2023 vart det berekna ei meirinntekt på kr 3.607.805. Berekna fond for meirinntekt inkl. renter pr. 31.12.23 er på kr 1.139.565 (-2.413.571).

Kostnadar til transport av energi i ovanfor liggjande nett (nettlei-

ge til Linja AS og til Statnett SF) var på 8,3 mill. kr. Dette utgjør 22 % av nettleiga til SN sine kundar i 2023.

Kostnader grunna avbrot i elforsyninga i eige nett, KILE, er i 2023 kr 658.000 (kr 565.000 på grunn av driftsforstyrningar og kr 93.000 på grunn av varsla avbrot).

## ARBEIDSMILJØ OG LIKESTILLING

Det har vore 3 tilsette i SE Holding gjennom året, som har utført 3,0 årsverk. Sjukefråværet var i 2023 på 0,4 %. Sjukefråværet i konsernet var i 2023 på 4,7 %.

Arbeidsmiljøet vert vurdert som tilfredsstillande. Det er ikkje registrert yrkesskadar eller arbeidsulykker i 2023.

Arbeidsstokken i konsernet er stabil og ved rekneskapsåret sin utgang var det i alt 23 tilsette (3 kvinner og 20 menn) som utførte 21,6 årsverk. Konsernet har i tillegg ei målsetting om å ha ein lærling til ei kvar tid.

Det er lagt til rette for at begge kjønn kan tilsetast i alle stillingar i konsernet, og under elles like føresetnader vert kjønnsbalanse prioritert ved tilsetting. I styret er det 2 kvinner og 5 menn.

SE konsernet har eit verneombod. SE konsernet er også medlem av Sykkylven Bedriftshelseteneste.

Pensjonsansvaret er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP). SE Holding sine pensjonsforpliktingar er aktuarberekna til kr 297.332. Beløpet er rekneskapsført. Ikkje rekneskapsført del av forpliktingane (aktuarielt tap inkl arbeidsgivaravgift) utgjør kr 1.282.383 (960.499).

SE konsernet sine pensjonsforpliktingar er aktuarberekna til kr 276.002. Ikkje rekneskapsførde del av forpliktingane (aktuarielt tap inkl arbeidsgivaravgift) utgjør kr 15.624.265 (12.336.174).

SE konsernet er medlem i «Samfunnsbedriftene» - ein arbeidsgjevar- og næringspolitisk interesseorganisasjon for bedrifter eid av kommunar og fylkeskommunar.

## DISKRIMINERING

Konsernet godtek inga form for diskriminering. Det omhandlar lik behandling for alle, uavhengig av etnisitet, nasjonalitet, kjønn, hudfarge, religion og livssyn. Personalpolitikken skal vere tilrettelagt for å stimulere til ei aktiv likehandsaming med fokus på ikkje-diskriminerande atferd.

## FORSKING OG UTVIKLING

Selskapet har ingen pågåande forskings- og utviklingsprosjekt i eigen regi.

## YTRE MILJØ

Konsernet er underlagt ulike myndigheiter når det gjeld vern av det ytre miljø og selskapet arbeider kontinuerleg for å redusere utslappa til det ytre miljøet.

Vasskraft er ei rein og vedvarande energikjelde som er svært miljøvennleg sett i forhold til dei fleste andre energikjelder. Likevel påverkar utbyggingar det ytre miljøet. Energiproduksjonen må ta omsyn til både forsyningstryggleik, lønsemd og miljø. Desse omsyna er ofte i strid med kvarandre, og må difor heile tida vegast opp mot kvarandre. Eit døme er prosjektet på Riksheim Kraftverk, der røyrkata er sprengt ned i fjell.

Konsernet drifrar dei offentlege avløpsanlegga i kommunen. I den nye hovudplanen for avløp er det ei overordna målsetting at tilknyttinga til hovudreinseanlegga skal aukast og alle ureinsa utslépp skal sanerast. Reinsekrava i avløpsforskrifta skal oppfyllest og utsléppa skal ha akseptabel resipientpåverknad.

Utbygging av distribusjonsnett påverkar det ytre miljøet gjennom bygging og drift av luftlinjer, jordkablar, sjøkablar og transformatorstasjonar. Det ytre miljøet blir påverka reint visuelt, samstundes som det legg beslag på areal og medfører restriksjonar på bruk nær linjene. Distribusjon som skjer i regi av SN må ta omsyn til både forsyningstryggleik, lønsemd og miljø. Desse omsyna er ofte i strid med kvarandre, og må difor heile tida vegast opp mot kvarandre. I Sykkylven har vi i dag nær 70 % av straumnettet lagt som jord- og sjøkabel, noko som er godt over landsgjennomsnittet og andre selskap omkring oss.

## OPENHEITSLOVA

Openheitslova sitt formål om å fremja respekt for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i samband med produksjon av varer og tenester. Sykkylven Energi konsernet er underlagt openheitslova, som er nært knytt til FN's berekraftsmål nr. 8 om anstendig arbeid og økonomisk vekst, og nr. 12 om ansvarleg forbruk og produksjon.

Openheitslova slår fast at verksemdar som er omfatta av lova skal utføre varsemdvurderingar. Varsemdvurderingar er ein prosess der eit selskap kartlegg, førebygg, avgrensar og gjer greie for handteringa av eksisterande og moglege negative konsekvensar av verksemda. For å få informasjon om risikoen for at verksemda driv i strid med grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold arbeider selskapet med å kartlegge og risikovurdere konsernet sine leverandørar og forretningssamband på eit overordna nivå. Varsemdvurderingar er ein kontinuerleg prosess. Selskapet sine varsemdvurderingar ligg tilgjengeleg på selskapet sine nettsider i form av ei utgreiing og vert offentleggjort årleg samstundes med årsrekneskapan.



## GENERELT

Styret vurderer at vilkåra for framleis drift for selskapet er til stades, og årsrekneskapen for 2023 er sett opp under denne føresetnaden.

SE konsernet har arbeidd for å ha godt samarbeid med andre energiverk i området. Viktigaste samarbeidspartar er Linja og Nordvest Nett. Det er elles etablert samarbeid om innkjøp av materiell og varer.

## DISPONERING AV ÅRSRESULTAT SYKKYLVEN ENERGI HOLDING AS

Styret foreslår følgjande disponering av overskotet etter skatt på kr 7.518.712 for 2023:

- kr 7.000.000 vert utbetalt som utbytte til eigar.
- kr 518.712 vert overført til annan eigenkapital.

Styret for  
Sykkylven Energi  
Holding AS,  
25. april 2024

Steinar Johan Bakke  
Styreleiar

Kristin Grebstad  
Nestleiar

Jarle Strømmegjerde  
Styremedlem

Odd Arne Krüger  
Styremedlem

Renate Karlsen  
Styremedlem

Per M. Drotninghaug  
Styremedlem

Arvid Skinnnes  
Styremedlem

Per Arne Edvardsen  
Adm. dir.



## Revisor Klokk AS

statsautoriserte revisorer



Revisor Klokk AS

Postboks 197  
6239 Sykkylven

www.revisorklokk.no  
Telefon: 70 25 48 10  
Epost: tormod@revisorklokk.no

Til generalforsamlinga i  
Sykkylven Energi Holding AS  
6230 Sykkylven

### MELDING FRÅ UAVHENIG REVISOR FOR 2023

#### Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

##### Konklusjon

Vi har revidert Sykkylven Energi Holding AS sin årsrekneskap som består av:

- selskapsrekneskapen som viser eit overskot på kr 7.518.712. Årsrekneskapen for selskapet er samansett av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og notar til årsrekneskapen, og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.
- konsernrekneskapen som viser eit overskot på kr 17.652.727. Konsernrekneskapen for konsernet er samansett av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og notar til årsrekneskapen, og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp

##### Etter vår mening

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev selskapsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg, og
- gjev konsernrekneskapen eit rettvisande bilete av konsernet si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

##### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Medlemmer av Den norske Revisorforening  
Revisorregisteret/Foretaksregisteret NO 999 125 484 MVA  
Autorisert regnskapsførerselskap



## Revisor Klokk AS

statsautoriserte revisorer

### Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga og ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar introduksjon av selskapet og konsernet, nøkkeltal, styrets årsmelding og samfunnsrekneskap. Vår konklusjon om årsrekneskapen over dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga og den ytterlegare informasjonen. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, annan ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskapen vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om informasjonen i årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon inneheld vesentlege feil. Vi har plikt til å rapportere om årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon inneheld vesentlege feil. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

### Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla

### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjersle som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare beskriving av revisors oppgåver og plikter vises det til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Sykkylven, 25. april 2024

Revisor Klokk AS

Tormod Klokk  
statsautorisert revisor



## Sykkylven Energi Holding AS

## Sykkylven Energi Konsern

2023	2022	Note	Resultatregnskap	Note	2023	2022
-	-		Driftsinntekter og driftskostnader			
6 751 745	6 419 210	3	Salsinntekter	1,2	99 982 196	96 838 581
			Andre driftsinntekter		15 562 215	15 134 709
<b>6 751 745</b>	<b>6 419 210</b>		<b>Sum driftsinntekter</b>	4	<b>115 544 411</b>	<b>111 973 289</b>
-	-		Varekostnader		14 543 901	13 614 019
4 313 654	4 278 932	5,6	Lønskostnader m.m.	5,7	16 475 118	16 665 744
167 585	187 579	8	Avskrivning på driftsmiddel og immaterielle egedelar	8	15 870 333	17 098 881
1 871 801	1 477 941	3,5	Andre driftskostnader	5	37 797 749	34 940 481
<b>6 353 040</b>	<b>5 944 451</b>		<b>Sum driftskostnader</b>	4	<b>84 687 101</b>	<b>82 319 125</b>
<b>398 705</b>	<b>474 759</b>		<b>Driftsresultat</b>	4	<b>30 857 310</b>	<b>29 654 164</b>
7 000 000	11 871 795		Inntekt på investering i anna foretak i same konsern		-	-
8 313 851	4 180 837	3,9	Renteinntekt frå foretak i same konsern			
82	16 428		Andre renteinntekter		94 298	62 565
-	-		Andre finansinntekter		66 884	65 683
-	56 287	3	Rentekostnad til foretak i same konsern			
7 881 900	3 869 450	10	Andre rentekostnader	10	7 902 469	3 898 039
160 353	165 279		Andre finanskostnader		404 240	360 996
<b>7 271 680</b>	<b>11 978 044</b>		<b>Resultat av finansposter</b>		<b>(8 145 527)</b>	<b>(4 130 787)</b>
7 670 384	12 452 803		Resultat før skattekostnad		22 711 783	25 523 378
151 672	2 303 761	11	Skattekostnad på ordinært resultat	12	5 059 056	5 672 965
<b>7 518 712</b>	<b>10 149 042</b>		<b>Ordinært resultat</b>		<b>17 652 727</b>	<b>19 850 413</b>
-	-		Ekstraordinære inntekter og kostnader		-	-
<b>7 518 712</b>	<b>10 149 042</b>	13	<b>Årsoverskot</b>	13	<b>17 652 727</b>	<b>19 850 413</b>
7 000 000	10 000 000		Overføringar			
-	-		Avsett til utbytte		7 000 000	10 000 000
-	-		Overført frå overkurs		-	-
518 712	149 042		Til/frå annan eigenkapital		10 652 727	9 850 413
<b>7 518 712</b>	<b>10 149 042</b>		<b>Sum overføringar</b>		<b>17 652 727</b>	<b>19 850 413</b>



## Sykkylven Energi Holding AS

## Sykkylven Energi Konsern

2023	2022	Note	Balanse	Note	2023	2022
<b>EIGEDLAR</b>						
<b>ANLEGGSMIDDEL</b>						
230 672	263 105	11	Utsett skattefordel	12	2 113 966	2 628 364
<b>230 672</b>	<b>263 105</b>		<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>2 113 966</b>	<b>2 628 364</b>
-	-		Tomter, bygg o.a. fast egedom	10	302 758 128	299 013 414
265 520	433 105		Transportmiddel, inventar og maskinar	10	15 662 503	17 694 142
			Anlegg under arbeid		3 238 432	3 147 067
<b>265 520</b>	<b>433 105</b>	8	<b>Sum varige driftsmiddel</b>	8	<b>321 659 063</b>	<b>319 854 623</b>
130 782 443	130 782 443	14	Investeringar i dotterselskap		0	0
-	-		Investeringar i aksjer og andelar	15	370 315	355 703
167 880 491	149 772 312	3,9	Lån til foretak i same konsern		0	0
103 831	93 289		Andre langsiktige krav		1 506 712	1 372 740
<b>298 766 765</b>	<b>280 648 044</b>		<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>1 877 027</b>	<b>1 728 443</b>
<b>299 262 957</b>	<b>281 344 254</b>		<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>325 650 056</b>	<b>324 211 430</b>
<b>OMLØPSMIDDEL</b>						
-	-		Varelager		5 428 670	5 365 979
2 326 850	1 939 568	3	Kundekrav	10	29 408 726	28 887 213
7 000 000	14 169 977	3	Krav mot konsernselskap		0	0
19 852	35 516	3,16	Andre kortsiktige krav	16	705 470	3 683 226
			Fond	2,17	6 765 446	3 322 704
<b>9 346 702</b>	<b>16 145 061</b>		<b>Sum krav</b>		<b>36 879 641</b>	<b>35 893 143</b>
2 543 775	2 021 408	18	Bankinnskot, kontantar og liknande	18	4 998 451	4 234 638
<b>11 890 477</b>	<b>18 166 468</b>		<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>47 306 762</b>	<b>45 493 761</b>
<b>311 153 434</b>	<b>299 510 722</b>		<b>Sum egedelar</b>		<b>372 956 818</b>	<b>369 705 190</b>



## Sykkylven Energi Holding AS

## Sykkylven Energi Konsern

2023	2022	Note	Balanse	Note	2023	2022
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>						
<b>EGENKAPITAL</b>						
19 800 000	19 800 000		Aksjekapital		19 800 000	19 800 000
104 446 873	104 446 873		Fond/overkurs		104 446 873	104 446 873
7 377 211	6 858 498		Annan egenkapital		30 330 517	19 677 791
131 624 084	131 105 371	13	Sum egenkapital	13	154 577 390	143 924 664
<b>GJELD</b>						
297 332	446 963	6	Pensjonsplikter	7	276 002	3 280 898
297 332	446 963		Sum avsetning for plikter		276 002	3 280 898
167 880 495	149 772 315	10	Gjeld til kredittinstitusjonar	10	167 880 495	149 772 315
167 880 495	149 772 315		Sum langsiktig gjeld		167 880 495	149 772 315
-	-		Annan gjeld til kredittinstitusjonar	10,18	3 739 766	10 616 054
372 801	239 864	3	Leverandørgjeld		13 284 967	31 172 413
119 239	1 878 428	11	Betalbar skatt	12	4 544 658	4 152 100
855 067	728 882		Skuldige offentlege avgifter		14 366 375	9 822 087
7 000 000	10 000 000		Utbytte		7 000 000	10 000 000
-	2 946 387	3	Gjeld til føretak i same konsern		0	0
-	-		Fond	2	1 139 564	0
3 004 416	2 392 512		Anna kortsiktig gjeld		6 147 602	6 964 659
<b>11 351 524</b>	<b>18 186 074</b>		<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>50 222 931</b>	<b>72 727 313</b>
<b>179 529 351</b>	<b>168 405 351</b>		<b>Sum gjeld</b>		<b>218 379 428</b>	<b>225 780 526</b>
<b>311 153 434</b>	<b>299 510 722</b>		<b>Sum gjeld og egenkapital</b>		<b>372 956 818</b>	<b>369 705 190</b>

Styret for Sykkylven Energi Holding AS, 25. april 2024

Steinar Johan Bakke  
Styreleiar

Kristin Grebstad  
Nestleiar

Jarle Strømmegjerde  
Styremedlem

Odd Arne Krüger  
Styremedlem

Renate Karlsen  
Styremedlem

Per M. Drotninghaug  
Styremedlem

Arvid Skinnos  
Styremedlem

Per Arne Edvardsen  
Adm. dir.



Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskaps-skikk.

## KONSERN

Sykkylven Energi konsernet består av morselskapet Sykkylven Energi Holding AS, og dei to 100 % eigde dotterselskapa Sykkylven Energi AS og Straumen Nett AS. I tillegg inngår Sykkylven Miljøpark AS som eit 100 % eigd dotterselskap av Sykkylven Energi AS.

01.01.2021 vart nettverksemda i Sykkylven Energi AS fisjonert ut til Straumen Nett AS. Fisjonen vart gjennomført med rekneskapsmessig og skattemessig kontinuitet. Frå same dato vart dei tilsette overført til dei nye selskapa.

Etter fisjonen og omstruktureringa inngår selskapet i konsernrekneskapet til Sykkylven Energi Holding AS. I konsernrekneskapen er posten aksjar i dotterselskap erstatta med dotterselskapet sine eigedelar og gjeld. Konsernrekneskapen er utarbeidd som om konsernet var ei økonomisk eining. Transaksjonar og mellomverande mellom selskapa i konsernet er eliminert. Konsernrekneskapen er utarbeidd etter einsarta prinsipp, ved at dotterselskapa følgjer dei same rekneskapsprinsippa som morselskapet. Sirkelkonsernbidrag er presentert netto i rekneskapen.

Konsernrekneskapet kan ein få utlevert på Sykkylven Energi Holding AS sitt hovudkontor, Haugsetvegen 33, 6230 Sykkylven.

## SALSINTEKTER

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet (transaksjonstidspunktet). Inntektsføring av tenester skjer etter kvart som tenesta vert levert.

Nettverksemda er regulert av styresmakte-

ne, ved at Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) fastset årleg inntektsramme for selskapet. Inntektsramma vert ført som inntekt, inkludert renter av meir- mindreinntekt frå tidlegare år.

## HOVUDREGEL FOR VURDERING OG KLASSIFISERING AV EIGEDELAR OG GJELD

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmiddel. Krav som skal betalast attende innan eitt år, er klassifisert som omløpsmiddel.

Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurdert til kostpris, men vert nedskrivne til reell verdi når ein ventar at verdifallet ikkje er forbigående. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne etter planen. Langsiktige lån vert balanseført til nominelt motteke beløp på tidspunktet for etableringa.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi.

Kortsiktig gjeld vert ikkje skrive opp til reell verdi som følge av renteendring. Pengepostar i utanlandsk valuta er vurdert etter kursen på balansedagen.

Enkelte postar er vurdert etter andre prinsipp og vert gjort greie for nedanfor.

## AKSJAR I ANDRE SELSKAP

Aksjar i andre selskap er vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapen.

## FORDRINGAR

Kundekrav og andre krav vert oppført til pålydande etter fråtrekk for avsetjing til forventa tap.

Avsetjing til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enskildede krav. For kundekrav vert det i tillegg

gjort ei uspesifisert avsetjing for å dekkje forventa tap.

## MEIR/MINDRE INNTEKT NETTVERKSEMD

Avvik mellom faktiske tariffinntekter og inntektsramma gitt av NVE vert utrekna i form av ei meir/mindreinntekt. Akkumulert meir/mindreinntekt vert rekneskapsført anten som gjeld til, eller krav mot nettkundane. Av akkumulert meir/mindreinntekt vert det berekna rente etter satsar fastsett av NVE.

## MEIR/MINDREINNTEKT VATN, AVLØP OG RENOVASJON

For å sikre at eigedomsgebyra vert meir stabile over tid vert årets meir/mindreinntekt i forhold til innkravd gebyr, avsett til eigne fond i balansen. Fonda vert handsama som eit krav eller gjeld til kundane, alt etter om dei er positive eller negative. Fonda vert renteberekna.

## BANKINNSKOT, KONTANTAR O.L.

Bankinnskot, kontantar og liknande inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmiddel for forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

## PENSJONAR

Føretaket sitt pensjonsansvar i høve til den ordinære tariff-festa tenestepensjonsordninga blir dekt gjennom pensjonsordninga i Kommunal Landspensjonskasse. Selskapet si plikt er bokført.

## SKATTAR

Skattekostnaden blir samanlikna med rekneskapsmessige resultat før skatt. Skattekostnaden består av betalar skatt (skatt på den direkte skattepliktige inntekta for året) og endring i netto utsett skatt/skattefordel. Utsett skatt utgjør 22 % av mellombelse skilnader mellom rekne-



skapsmessige og skattemessige verdier. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer i same periode er utlikna. Skattekostnaden blir fordelt på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære postar etter skattegrunnlaget. Utsett skatt og utsett skattefordel er presentert netto i balansen.

## FINANSIELLE INSTRUMENT

Finansielle derivat vert i rekneskapen handsama i samsvar med intensjonen når ein inngår avtalane.

## SIKRING

Sykkylven Energi inngår finansielle kontraktar hovudsakleg for å prissikre delar av kraftproduksjonen mot svingingar i pris

og valutakurs. Sykkylven Energi er utsett for valutarisiko fordi oppgjersvalutaen på kraftkontraktar er i Euro. For kontraktar klassifisert som sikring, resultatførast realiserte tap og gevinstar i leveringsperioden og saman med sikringsobjektet. Tap og gevinst er utrekna som differansen mellom kontraktspris og spotpris.

## TRADING

Fysiske og finansielle sals- og kjøpskontraktar som ikkje er meint å dekkje leveringsforpliktingane, vert rekneskapsført som trading. Både realiserte og urealiserte tap og gevinstar knytt til tradingporteføljen vert resultatført. Kontraktar som opphavg er inngått som trading, blir ikkje overført til sikringsporteføljen.

## ANLEGGSTILSKOT

Anleggstilskot til investeringar frå det offentlege og frå private går til fråtrekk på balanseførte verdier.

Anleggstilskotet vert dermed periodisert over investeringa si økonomiske levetid i form av reduserte avskrivningar.





## NOTE 1 FINANSIELL MARKNADSRISIKO

### Konsern

#### MARKNADSRISIKO

##### Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er definert som risiko for tap som følge av endringer i marknadsprisar på renter, valutakursar og verdipapirkursar.

Resultatet for kraftproduksjonen vert påverka av tilsigssituasjonen og svingingar i kraftpris og valuta. Konsernet nyttar finansielle instrument (terminkontraktar) for å prissikre delar av inntektene frå kraftproduksjonen. Bakgrunn for dette er den store uvissa som knyt seg til kraftsalinntekter. Inntektene avheng av ein spotpris som kan svinge mykje. Konsernet har utarbeidd ein intern risikomanual som set rammer for den finansielle handelen og risikoeksponeringa. Sikringshorisont er opp til 2 år. Realiserte tap eller gevinstar vert resultatført i leveringsperioden. Konsernet har i 2023 ikkje hatt aktive sikringskontrakter. Det er heller ikkje inngått sikringskontrakter hittil i 2024.

Konsernet er eksponert for valutarisiko fordi den nordiske kraftbørsen, Nordpool, nyttar Euro som oppgjersvaluta for kraftsalet. Konsernet har utarbeidd ein intern risikomanual som set rammer for den finansielle handelen og risiko-

eksponeringa. Sikringshorisont er opp til 2 år. Realiserte tap eller gevinstar vert resultatført i leveringsperioden. Det er ikkje inngått sikringskontrakter for valuta i 2023 eller hittil 2024.

Pensjonsmidlane vi har er risikoutsett både innanfor renter, valutakursar og verdipapirkursar. Risikoeksponering og sikring er styrt gjennom forvaltning i Kommunal Landspensjonskasse KLP.

Renterisiko påverkar konsernet gjennom rentebereking av sjølvkostområda, nettregulering knytt til inntektsramma og renteberande gjeld. Renteendringar vil for sjølvkostområda og nettvirksomheita i stor grad utlikne kvarandre gjennom endring i inntekter og kostnader. For konkurranseutsett verksemd som kraftproduksjon og fiber vil auke i renta gi auke i finanskostnader og redusert resultat.

#### KREDITTRISIKO

Kredittrisiko er definert som risiko for tap som følge av at kundar eller motpartar ikkje har evne til å oppfylle forpliktingane sine. Konsernet har liten risiko for tap på krav, då legalpant kan nyttast i innfordringa av eigedomsge-

byr og rett til å stenge anlegg er et nyttig tiltak i innfordringa av nettleige.

#### LIKVIDITETSRISIKO

Likviditetsrisiko er definert som risiko for at konsernet ikkje klarer å oppfylle forpliktingane sine og/eller finansiere auke i driftsmidlar utan at selskapet vert påført vesentlege ekstrakostnader. Konsernet har tilgang på naudsynt likviditet via ekstern bank. Konsernet har også inngått avtale om konsernfinansiering og her har selskapa tilgang på tilgjengelege trekkrettigheter som sikrar svingingar i kortsiktig likviditetsbehov. Risikoen blir difor vurdert som låg.



## NOTE 2 - MEIR-MINDREINNTEKT DISTRIBUTJON

### Konsern

NVE har i enkeltvedtak fastsett inntektsramme for Straumen Nett AS. Ordinær KILE (Kvalitetsjustert inntektsramme ved ikkje levert energi) kjem til frådrag. I tillegg kan ein dekke inn kostnader ved overliggende nett.

	2023	2022
Inntektsramme gitt av NVE	29 832 000	29 544 000
Kostnader overliggende nett	8 331 188	6 861 254
Kostnader til FoU og Elhub	450 710	308 585
Avvik avskr og avkastn på avk.grunnlag	-1 977 348	-281 561
Tillat inntekt ekskl kile i eige nett	36 636 550	36 432 278
Tariffinntekter	38 025 145	26 654 120
Flaskehalsinntekter overført frå Statnett	1 251 183	922 227
Andre inntekter (purregebyr, renter kundefordringar, opp/nedtaking anleggskasser etc.)	310 027	433 043
Sum faktisk inntekt	39 586 355	28 009 390
Estimatavvik		
KILE justert for utbetaling svært langvarige avbrot	658 000	1 084 000
<b>Bereknna meir/mindreinntekt (- /+) i året</b>	<b>-3 607 805</b>	<b>7 338 888</b>

	2023	2022
Utvikling fond		
Meir/mindreinntekt inkl. renter per. 01.01.	-2 413 571	4 896 728
Årets meir-/mindreinntekt	3 607 805	-7 338 888
Avsette renter	-54 670	28 589
Meir/mindreinntekt inkl. renter per. 31.12.	1 139 564	-2 413 571

Meirinntekt oppstår når selskapet har henta inn meir inntekter frå kundane, enn det årleg tillat inntekt frå NVE tilseier. Beløpet vert sett av i eit positivt fond og vert rapportert som gjeld til kundane i rekneskapen vår. Beløpet vil bli tilbakeført kundane på eit seinare tidspunkt.

Mindreinntekt oppstår når selskapet har henta inn mindre inntekter frå kundane, enn det årleg tillat inntekt frå NVE tilseier. Beløpet vert sett av i eit negativt fond og vert rapportert som eit krav i rekneskapen vår. Beløpet vil bli belasta kundane på eit seinare tidspunkt.

Denne forma for periodisering sikrar at nettleiga vert meir stabil, og kundane unngår at kostnadene svingar mykje frå det eine året til det andre.

Avkastningsgrunnlag	2023
Sum driftsmiddel etter fordeling per 1.1	84 726
Sum driftsmiddel etter fordeling per 31.12	87 753
Gjennomsnittleg driftsmiddel	86 240
1 % påslag nettkapital	863
Avkastningsgrunnlag	87 103
Driftsresultat frå note 4	5 837
Avkastning (driftsresultat*100/avkastningsgrunnlag)	6,70 %



## NOTE 3 - OVERSIKT NÆRSTÅANDE OG ANDRE PARTAR. TRANSAKSJONAR MED SELSKAP I SAME KONSERN

### Morselskap

#### Oversikt nærstående partar og andre konserntilknytningar

Nærstående part	Tilknytning	Eigardel
Sykkylven Energi AS	Dotterelskap	100 %
Straumen Nett AS	Dotterelskap	100 %
Sykkylven Miljøpark AS	Eigd av dotterelskap	100 %

Andre konserntilknytningar	Tilknytning	Eigardel
Elsikkerhet Møre AS	Eigd av dotterelskap	9,4 %
Per Arne Edvardsen	Administrerende direktør	0 %
Steinar Johan Bakke	Styreleiar	0 %

Selskapet har gjennomført fleire ulike transaksjonar med nærstående partar. Alle transaksjonane er gjennomført som ein del av den ordinære verksemda og til armlengdes prisar.

#### Transaksjonar med selskap i same konsern:

	2023	2022
Sal av varer og tenester	6 751 745	6 419 210
Kjøp av varer og tenester	320 760	223 285
Renteinntekt	8 313 851	4 124 552

#### Mellomverande med selskap i same konsern:


	2023	2022
Kundekrav	2 326 850	1 939 568
Krav mot konsernselskap	7 000 000	14 169 977
Sum krav	9 326 850	16 109 545
Lån til foretak i same konsern	167 880 491	149 772 312
Sum finansielle anleggsmiddel	167 880 491	149 772 312
Leverandørgjeld	118 788	84 556
Gjeld til foretak i same konsern		2 946 387
Sum kortsiktig gjeld	118 788	3 030 943



## NOTE 4 - REKNESKAP FORDELT PÅ FORRETNINGSOMRÅDE

### Konsern

	Produksjon	Nettverksemd	Vatn	Avløp	Renovasjon	Øvrig	Eliminering	Sum
Salg av energi	22 370 734	1 023 110	0	0	0			23 393 845
Nettinntekt		39 471 736						39 471 736
Inntekt sjølvkost			7 049 410	16 328 759	11 489 939			34 868 108
Til/frå fond		-3 607 805	2 329 880	3 335 045	191 388			2 248 508
Andre driftsinntekter		51 768	6 768		2 850	24 979 232	-9 478 403	15 562 215
Sum driftsinntekter	22 370 734	36 938 809	9 386 058	19 663 804	11 684 177	24 979 232	-9 478 403	115 544 411
<b>Kjøp av energi</b>		908 491						908 491
Transport av energi	1 311 261	8 331 188						9 642 449
Tap i nettet		3 319 600						3 319 600
Løn- og personalkostnader	578 204	4 769 847	883 048	3 322 530	56 073	6 976 352	-110 937	16 475 118
Andre driftskostnader	2 710 206	9 987 977	4 449 357	7 861 819	11 510 952	6 741 767	-9 367 466	33 894 611
Leigekostnader sjølvkost			1 628 712	2 655 882	201 768			4 486 362
Avskrivningar	2 713 867	3 694 794	1 235 297	2 792 771		5 433 605		15 870 333
Tap på krav		90 116				21		90 137
Sum driftskostnader	7 313 537	31 102 013	8 196 413	16 633 001	11 768 793	19 151 745	-9 478 403	84 687 101
<b>Driftsresultat</b>	<b>15 057 197</b>	<b>5 836 796</b>	<b>1 189 644</b>	<b>3 030 803</b>	<b>-84 616</b>	<b>5 827 487</b>	<b>0</b>	<b>30 857 310</b>
Renter meir-/ mindre- inntekt (fondsmidler)			-54 946	-187 151	84 616			
Renter på sjølvkost-investeringar			-1 134 698	-2 843 652				
Driftsresultat sjølvkost etter rentejustering			0	0	0			





## NOTE 5 - LØNSKOSTNADER, TAL PÅ TILSETTE, LÅN TIL TILSETTE OG GODTGJERING AV REVISOR

### Morselskap

Lønskostnader	2023	2022
Løn	3 312 982	3 225 991
Aktiverte timar egne investeringar		
Arbeidsgjervaravgift	377 370	329 650
Pensjonskostnader inkl aga	549 188	640 748
Andre ytingar	74 114	82 541
Sum	4 313 654	4 278 932

Morselskapet har i rekneskapsåret sysselsett totalt 3 årsverk.

Adm. dir er tilsett i Sykkylven Energi Holding AS.

Styrehonorar vert utbetalt frå Sykkylven Energi Holding AS.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	1 196 885	324 519
Anna godtgjering	182 481	

Leiande personar har ikkje avtale om bonus eller aksjebasert avlønning.

Det er ikkje gitt lån eller sikkerheit til dagleg leiar, styremedlemer eller andre nærstående partar.

### Konsern

Lønskostnader	2023	2022
Løn	16 250 938	15 992 226
Aktiverte timar egne investeringar	-5 225 317	-5 277 159
Arbeidsgjervaravgift	1 681 414	1 650 899
Pensjonskostnader inkl aga	3 044 465	3 693 295
Andre ytingar	723 618	606 484
Sum	16 475 118	16 665 744

Konsernet har i rekneskapsåret sysselsett totalt 23 årsverk.

### Revisor

#### Morselskap

Kostnadsført revisjonshonorar for 2023 utgjer kr 68 950

I tillegg kjem bistand til årsoppgjer og annan bistand med kr 13 450

#### Konsern

Kostnadsført revisjonshonorar for 2023 utgjer kr 251 500.

I tillegg kjem attesteringsstenestar med kr 51 450, bistand til årsoppgjer 84 600 og annan bistand med kr 7 050.



## NOTE 6 PENSJONSKOSTNADER - MIDLAR OG FORPLIKTINGAR

### Morselskap

Føretaket sitt pensjonsansvar i høve til den ordinære tariff-festa tenestepensjonsordninga er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Denne ordninga gir ei definert yting i høve til tariffavtalen i kommunal sektor. Iflg. aktuarberekning utgjør netto forplikting 31.12.2023 kr 297.332, som er bokført. Årets kostnad er bokført med kr 549.188 inkl. kostnader til AFP.

<b>PENSJONSKOSTNADAR</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Noverdi av årets opptening	483 897	515 745
Rentekostnad	188 946	116 175
Brutto pensjonskostnad	672 843	631 920
Forventa avkastning	-253 723	-166 582
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	15 447	14 232
Netto pensjonskostnad inkl. adm.kost	434 567	479 570
Aga netto pensjonskost inkl. adm.kost	61 274	67 619
Resultatført aktuarielt tap (gevinst)	53 347	93 559
Resultatført planendring	0	0
Resultatført pensjonskostnad	549 188	640 748
Herav resultatført aga av aktuarielt tap (gevinst)	6 592	11 562

<b>PENSJONSFORPLIKTING</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Brutto påløpt pensjonsforplikting	6 579 268	5 870 729
Pensjonsmidlar	5 194 855	4 637 195
Netto forplikting før arb.avgift	1 384 413	1 233 534
Arbeidsgjevaravgift	195 202	173 928
Netto forplikting inkl. aga	1 579 615	1 407 462
Ikkje resultatført aktuarielt gevinst (tap) ekskl.aga	-1 123 824	-841 805
Ikkje resultatført aktuarielt gevinst (tap) aga	-158 459	-118 694
Ikkje resultatførte planendringar	0	0
Balanseført nto forpl./ (middel) etter aga	297 332	446 963
Herav balanseført aga	36 743	55 234

<b>AVSTEMMING</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Balanseført nto forplikting/(middel) UB i fjor	446 963	240 349
Resultatført pensjonskostnad inkl. aga og adm.kost	549 188	640 748
Aga innbetalt premie/tilskot	-86 357	-53 649
Innbetalt premie/tilskot inkl. adm	-612 462	-380 486
Ført mot egenkapital	-	-
Ført mot egenkapital aga	-	-
Balanseført nto forplikting/(middel) UB i år	297 332	446 963



<b>MEDLEMSSTATUS</b>	<b>01.01.2024</b>	<b>01.01.2023</b>	<b>01.01.2022</b>
Tal på aktive	3	3	3
Tal på oppsatte	0	0	0
Tal på pensjonar	1	1	1
Gjennomsnittleg pensjonsgrunnlag, aktive	920 700	860 367	827 300
Gjennomsnittleg alder, aktive	52,93	51,93	50,93
Gjennomsnittleg tenestetid, aktive	13,27	12,27	11,27

<b>FØRESETNADAR</b>	<b>31.12.2023</b>	<b>31.12.2022</b>
Diskonteringsrente	3,10 %	3,00 %
Lønsvekst	3,50 %	3,50 %
G-regulering	3,25 %	3,25 %
Pensjonsregulering	2,80 %	2,63 %
Forventa avkastning	5,30 %	5,20 %
Agasats	14,10 %	14,10 %
Amortiseringstid	7	7
Korridorstorleik	10,00 %	10,00 %

Sykkylven Energi rittet.





## NOTE 7 - PENSJONSFORPLIKTINGAR - MIDLAR OG FORPLIKTINGAR

### Konsern

Føretaket sitt pensjonsansvar i høve til den ordinære tariff-festa tenestepensjonsordninga er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Denne ordninga gir ei definert yting i høve til tariffavtalen i kommunal sektor. Iflg. aktuarberekning utgjer netto forplikting 31.12.2023 kr 276 002, som er bokført. Årets kostnad er bokført med kr 3 044 465 inkl. kostnader til AFP.

<b>PENSJONSKOSTNADAR</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Noverdi av årets opptening	2 873 410	3 101 381
Rentekostnad	2 357 524	1 542 223
Brutto pensjonskostnad	5 230 934	4 643 604
Forventa avkasting	-3 360 281	-2 394 771
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	107 366	99 711
Netto pensjonskostnad inkl. adm.kost	1 978 019	2 348 544
Aga netto pensjonskost inkl. adm.kost	278 900	331 144
Resultatført aktuarielt tap (gevinst)	787 545	1 013 605
Resultatført planendring	0	0
Resultatført pensjonskostnad	3 044 465	3 693 295
Herav resultatført aga av aktuarielt tap (gevinst)	97 321	125 257

<b>PENSJONSFORPLIKTING</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Brutto påløpt pensjonsforplikting	82 134 305	76 682 517
Pensjonsmidlar	68 198 926	62 995 341
Netto forplikting for arb.avgift	13 935 379	13 687 176
Arbeidsgjevaravgift	1 964 888	1 929 892
Netto forplikting inkl. aga	15 900 267	15 617 068
Ikkje resultatført aktuarielt gevinst (tap) ekskl.aga	-13 693 484	-10 811 721
Ikkje resultatført aktuarielt gevinst (tap) aga	-1 930 781	-1 524 453
Ikkje resultatførte planendingar	0	0
Balanseført nto forpl./ (middel) etter aga	276 002	3 280 898
Herav balanseført aga	34 107	405 439

<b>AVSTEMMING</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Balanseført nto forplikting/(middel) UB i fjor	3 280 898	1 900 845
Resultatført pensjonskostnad inkl. aga og adm.kost	3 044 464	3 693 295
Aga innbetalt premie/tilskot	-747 554	-285 861
Innbetalt premie/tilskot inkl. adm	-5 301 803	-2 027 381
Ført mot eigenkapital		
Ført mot eigenkapital aga		
Balanseført nto forplikting/(middel) UB i år	276 002	3 280 898



<b>MEDLEMSSTATUS</b>	<b>01.01.2024</b>	<b>01.01.2023</b>	<b>01.01.2022</b>
Tal på aktive	23	23	23
Tal på oppsatte	12	15	15
Tal på pensjonar	26	23	24
Gjennomsnittleg pensjonsgrunnlag, aktive	704 488	666 379	648 897
Gjennomsnittleg alder, aktive	51,9	50,9	51,4
Gjennomsnittleg tenestetid, aktive	20,7	19,6	20,4

<b>FØRESETNADAR</b>	<b>31.12.2023</b>	<b>31.12.2022</b>
Diskonteringsrente	3,10 %	3,00 %
Lønsvekst	3,50 %	3,50 %
G-regulering	3,25 %	3,25 %
Pensjonsregulering	2,80 %	2,63 %
Forventa avkastning	5,30 %	5,20 %
Agasats	14,10 %	14,10 %
Amortiseringstid	7	7
Korridorstorleik	10,00 %	10,00 %



## NOTE 8 VARIGE DRIFTSMIDLAR

### Morselskap

Varige driftsmidler	Kostpris	Tilgang	Avgang/ utrangering	Kostpris	Avskrivningar 01.01.23	Avgang/ utrangering	Akkumulerte avskrivningar		Balanseført verdi 31.12.23
	01.01.23			31.12.23			Årets	31.12.23	
Inventar, verktøy og edb	804 591			804 591	371 486		167 585	539 071	265 520
Anlegg under arbeid									
<b>Sum varige driftsmiddel</b>	<b>804 591</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>804 591</b>	<b>371 486</b>	<b>-</b>	<b>167 585</b>	<b>539 071</b>	<b>265 520</b>

### Konsern

Varige driftsmidler	Kostpris	Tilgang	Avgang/ utrangering	Kostpris	Avskrivningar 01.01.23	Avgang/ utrangering	Akkumulerte avskrivningar		Balanseført verdi 31.12.23
	01.01.23			31.12.23			Årets	31.12.23	
Bygg	18 243 552	932 204	-	19 175 756	10 926 511	-	573 649	11 500 160	7 675 596
Kraftstasjoner	119 974 021	-	-	119 974 021	50 525 445	-	2 631 969	53 157 415	66 816 606
Nettanlegg	186 367 145	5 994 209	-	192 361 354	121 240 192	-	1 582 750	122 822 942	69 538 412
Fibernet	86 760 911	2 757 858	-	89 518 770	22 981 472	-	4 381 416	27 362 888	62 155 882
Vatn	29 284 458	3 177 401	-	32 461 860	4 807 825	-	1 041 067	5 848 892	26 612 968
Avløp	73 978 670	4 082 932	-	78 061 603	9 192 129	-	2 696 002	11 888 131	66 173 472
Veglys	12 491 510	62 507	-	12 554 017	8 413 277	-	355 542	8 768 819	3 785 198
Renovasjon	-	-	-	-	-	-	-	-	-
<b>Sum tomter, bygg o.a. fast eidegom</b>	<b>527 100 269</b>	<b>17 007 111</b>	<b>-</b>	<b>544 107 380</b>	<b>228 086 850</b>	<b>-</b>	<b>13 262 396</b>	<b>241 349 246</b>	<b>302 758 128</b>
Inventar, verktøy og edb	7 571 289	407 460	-	7 978 749	6 008 872	-	832 284	6 841 156	1 137 593
Transportmidler	6 524 342	-	-	6 524 342	5 519 302	-	403 639	5 922 941	601 401
Samband, anna	2 065 121	-	-	2 065 121	1 916 920	-	22 498	1 939 418	125 703
Måling	21 509 896	168 837	-	21 678 733	6 531 415	-	1 349 517	7 880 932	13 797 801
Sum transportmidler, inventar og maskinar	37 670 647	576 297	-	38 246 944	19 976 510	-	2 607 938	22 584 447	15 662 503
Anlegg under arbeid	3 147 067	91 366	-	3 238 432	-	-	-	-	3 238 432
<b>Sum varige driftsmiddel</b>	<b>567 917 981</b>	<b>17 674 774</b>	<b>-</b>	<b>585 592 757</b>	<b>248 063 360</b>	<b>-</b>	<b>15 870 334</b>	<b>263 933 693</b>	<b>321 659 063</b>

	Økonomisk levetid	Avskrivnings- plan
Bygg	Inntil 50 år	Lineær
Tomter	Avskrivast ikkje	
Kraftstasjoner	Inntil 67 år	Lineær
Nettanlegg	Inntil 80 år	Lineær
Fibernet	Inntil 20 år	Lineær
Vatn	Inntil 40 år	Lineær
Avløp	Inntil 40 år	Lineær
Veglys	Inntil 20 år	Lineær
Inventar, verktøy og edb	Inntil 5 år	Lineær
Transportmidlar	Inntil 13 år	Lineær
Samband, anna	Inntil 10 år	Lineær
Måling	Inntil 15 år	Lineær



## Varige driftsmidler fordelt pr. forretningsområde

### Konsern

Varige driftsmidler	Produksjon	Vatn	Avløp	Nettanlegg	Fiber	Øvrig	Balansført verdi 31.12.23
Bygg				3 492 170		4 183 426	7 675 596
Kraftstasjoner	66 816 606						66 816 606
Nettanlegg				69 538 412			69 538 412
Fibernet					62 155 882		62 155 882
Vatn		26 612 968					26 612 968
Avløp			66 173 472				66 173 472
Veglys						3 785 197	3 785 198
Renovasjon							-
<b>Sum tomter, bygg o.a. faste eiendom</b>	<b>66 816 606</b>	<b>26 612 968</b>	<b>66 173 472</b>	<b>73 030 582</b>	<b>62 155 882</b>	<b>7 968 623</b>	<b>302 758 128</b>
Inventar, verktøy og edb	62 490	295 771	106 275	360 108	20 876	292 073	1 137 593
Transportmiddel	45 566	75 316	-	480 517	-	-	601 401
Samband, anna	20 814	10 407	10 407	84 074			125 703
Måling				13 797 801			13 797 801
Sum transportmiddel, inventar og maskinar	128 870	381 494	116 682	14 722 501	20 876	292 073	15 662 503
Anlegg under arbeid	830 071	400 267	565 022	1 443 073	-	-	3 238 432
<b>Sum varige driftsmidler</b>	<b>67 775 547</b>	<b>27 394 729</b>	<b>66 855 175</b>	<b>89 196 156</b>	<b>62 176 757</b>	<b>8 260 696</b>	<b>321 659 063</b>

## NOTE 9 LANGSIKTIGE LÅN TIL FORETAK I SAME KONSERN

### Morselskap

	Beløp	Bokført verdi	Rente	Løpetid	Forfall
Sykkylven Energi AS	117 709 883	117 709 883	3 mndr NIBOR + margin	36 mnd	01.07.2024
Straumen Nett AS	49 138 297	49 138 297	3 mndr NIBOR + margin	36 mnd	01.07.2024
Sykkylven Miljøpark AS	1 032 311	1 032 311	3 mndr NIBOR + margin	36 mnd	01.07.2024
<b>Sum</b>		<b>167 880 495</b>			

Sykkylven Energi har inngått avtale om konsernfinansiering, der all bankgjeld er samla i konserntopp Sykkylven Energi Holding AS. Interne lån vert renteberekna og har same løpetid som konsernets eksterne låneopptak.

Sykkylven Energi har stilt sikkethet for morselskapets eksterne låneopptak.

## NOTE 10 LÅN

Kreditor	Beløp	Bokført verdi	Rente	Løpetid	Forfall
Danske Bank	167 880 495	167 880 495	3 mndr NIBOR + margin	36 mnd	2024

Eksterne lån vart refinansiert i prosessen med omorganisering til konsern 18.01.2021. Det er inngått avtale om konsernfinansiering og all eksterne gjeld ligg i morselskapet. Selskapa i konsernet er solidarisk ansvarleg for eksterne låneopptak.

### Bokført verdi av eigedelar stilt som sikkerhet:

**2023**

Tomter, bygg o.a. faste eiendom	302 758 128
Transportmiddel, inventar og maskinar	15 662 503
Andre krav	29 408 726
<b>Totalt</b>	<b>347 829 357</b>

### Kortsiktig gjeld bank:

Opptrekk kassakreditt morselskap	-
Opptrekk kassakreditt konsern	3 739 766



## NOTE 11 SKATT

### Morselskap

Årets skattekostnad	2023	2022
Betalbar skatt årets resultat	119 239	2 526 633
Endring i utsett skatt/utsett skattefordel	32 433	(222 872)
Skattekostnad ordinært resultat	151 672	2 303 761

### Betalbar skatt i årets skattekostnad

Ordinært resultat før skatt	7 670 384	12 452 803
Permanente skilnader	(6 980 966)	(1 981 157)
Endring i mellombelse skilnader	(147 422)	1 013 053
Avsett konsernbidrag		(2 946 387)
Anvendelse av fremførbartunderskot		
Skattepliktig inntekt	541 997	8 538 310

### Betalbar skatt i balansen

Betalbar skatt på årets resultat	119 239	354 838
Betalbar skatt på avsett konsernbidrag		(648 205)
Betalbar skatt på mottatt konsernbidrag		2 171 795
Sum betalbar skatt i balansen	119 239	1 878 428

### Beregning av effektiv skattesats

Resultat før skatt	7 670 384	12 452 803
Beregna skatt av resultat før skatt	1 687 485	2 739 617
Skatteeffekt av permanente skilnader	(1 535 813)	4 145
<b>Sum</b>	<b>151 672</b>	<b>2 743 761</b>
Effektiv skattesats	2,0 %	22,0 %

Skatteeffekten av midlertidige skilnader og underskot til framføring som har gitt opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av midlertidige skilnader.

	2023	2022	Endring
Varige driftsmiddel	(10 455)	38 855	49 310
Avsetningar mv	(731 722)	(763 822)	(32 100)
Pensjonspremie/forplikting	(297 332)	(446 963)	(149 631)
Andre forskjellar	(9 000)	(24 000)	(15 000)
<b>Sum</b>	<b>(1 048 508)</b>	<b>(1 195 930)</b>	<b>(147 422)</b>
<b>Grunnlag for beregning av utsett skatt</b>	<b>(1 048 508)</b>	<b>(1 195 930)</b>	<b>(147 422)</b>
Utsett skattefordel (22%)	(230 672)	(263 105)	(32 433)



## NOTE 12 SKATT

### Konsern

<b>Årets skattekostnad</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Betalbar skatt årets resultat	4 544 658	4 152 100
Endring i utsett skatt/utsett skattefordel	514 397	1 520 865
Skattekostnad ordinært resultat	5 059 056	5 672 965

### Betalbar skatt i årets skattekostnad

Ordinært resultat før skatt	22 711 783	25 523 378
Permanente skilnader	283 922	262 829
Endring i midlertidige skilnader	(2 338 169)	(6 913 025)
Anvendelse av fremførbartunderskot		
Skattepliktig inntekt	20 657 536	18 873 182

### Betalbar skatt i balansen

Betalbar skatt på årets resultat	4 544 658	4 152 100
Sum betalbar skatt i balansen	4 544 658	4 152 100

### Beregning av effektiv skattesats

Resultat før skatt	22 711 783	25 523 378
Berekna skatt av resultat før skatt	4 996 592	5 615 143
Skatteeffekt av permanente skilnader	62 463	57 822
Sum	5 059 056	5 672 965
Effektiv skattesats	22,3 %	22,2 %

Skatteeffekten av midlertidige skilnader og underskot til framføring som har gitt opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av midlertidige skilnader.

	<b>2023</b>	<b>2022</b>	<b>Endring</b>
Varige driftsmiddel	-6 692 913	-9 136 129	-2 443 216
Varebeholdning	-547 372	-412 197	135 175
Krav	-109 582	-218 902	-109 320
Gevinst og tapskonto	20 217	25 271	5 054
Avsetningar mv	-1 871 286	1 649 749	3 521 035
Pensjonspremie/forplikting	-276 002	-3 280 898	-3 004 896
Andre forskjellar	-132 000	-574 000	-442 000
<b>Sum</b>	<b>-9 608 937</b>	<b>-11 947 105</b>	<b>-2 338 169</b>
<b>Grunnlag for berekning av utsett skatt</b>	<b>-9 608 937</b>	<b>-11 947 105</b>	<b>-2 338 169</b>
Utsett skattefordel (22%)	-2 113 966	-2 628 364	-514 397



## NOTE 13 EIGENKAPITAL, AKSJEKAPITAL OG AKSJONÆRAR

	<b>Aksje- kapital</b>	<b>Overkurs</b>	<b>Annan EK</b>	<b>Sum</b>
<b>Morselskap</b>				
Eigenkapital pr 31.12.2021	19 800 000	104 446 873	6 709 456	130 956 329
Resultat i året			10 149 042	10 149 042
Avsett til utbytte			-10 000 000	-10 000 000
Eigenkapital pr 31.12.2022	19 800 000	104 446 873	6 858 498	131 105 371
Resultat i året			7 518 712	7 518 712
Avsett til utbytte			-7 000 000	-7 000 000
Eigenkapital pr 31.12.2023	19 800 000	104 446 873	7 377 211	131 624 084

	<b>Aksje- kapital</b>	<b>Overkurs</b>	<b>Annan EK</b>	<b>Sum</b>
<b>Konsern</b>				
Eigenkapital pr 31.12.2021	19 800 000	104 446 873	9 827 377	134 074 250
Resultat i året			19 850 413	19 850 413
Avsett til utbytte			-10 000 000	-10 000 000
Eigenkapital pr 31.12.2022	19 800 000	104 446 873	19 677 791	143 924 664
Resultat i året			17 652 727	17 652 727
Avsett til utbytte			-7 000 000	-7 000 000
Eigenkapital pr 31.12.2023	19 800 000	104 446 873	30 330 517	154 577 390

Aksjekapitalen i morselskapet Sykkylven Energi Holding AS er sammansett av:

	<b>Antall</b>	<b>Pålydende</b>	<b>Balanseført</b>
Aksjar	33	600 000	19 800 000

Selskapet har berre ei aksjeklasse og er 100 % eigd av Sykkylven kommune.

Dagleg leiar, medlemmer av styret eller andre tillitsmen i selskapet eig ikkje aksjar i selskapet.



## NOTE 14 DOTTERSELSKAP, TILKNYTTET SELSKAP M.M

Morselskap

### Aksjar i dotterselskap

	<b>Tal aksjar</b>	<b>Pålydende</b>	<b>Balanseverdi</b>	<b>Forretnings- kontor</b>	<b>Eier/røyste andel</b>
Sykkylven Energi AS	33	507 874	88 497 061	Sykkylven	100,00 %
Straumen Nett AS	30	102 339	42 285 382	Sykkylven	100,00 %
			130 782 443		
Sykkylven Miljøpark AS*)	1 200	1 000	1 327 002	Sykkylven	100,00 %

	<b>Resultat 2023</b>	<b>Eigenkapital 31.12.2023</b>
Sykkylven Energi AS	14 334 603	105 192 977
Straumen Nett AS	2 765 347	48 269 741
Sykkylven Miljøpark AS*)	34 063	1 600 033

\*) Dotterselskap av Sykkylven Energi AS

## NOTE 15 AKSJAR OG DELAR I ANDRE FØRETAK

Konsern

<b>Selskap</b>	<b>Aksjekapital</b>	<b>Tal aksjar</b>	<b>Pålydende</b>	<b>Balanseverdi 31.12.2023</b>
Jarnes Industripark AS		122 000	1	124 550
Elsikkerhet Møre AS	692 600	325	200	245 765
<b>Sum</b>				<b>370 315</b>

**NOTE 16 BEHALDNING ELSERTIFIKAT****Konsern**

Elsertifikater er ei støtteordning for utbygging av fornybar energi. Kraftprodusentar som bygg ut ny fornybar kraftproduksjon får tildelt elsertifikat. Ordninga omtalast i mange samanhengar som "grøne sertifikat".

Elsertifikatorordninga er ei markedsbasert støtteordning, og prisen på elsertifikat vert fastsett av tilbod og etterspørsel i elsertifikatmarknaden.

NVE er ansvarleg for å forvalte og føre tilsyn med elsertifikatorordninga.

Sykkylven Energi AS får tildelt elsertifikat tilsvarande 22,1 % av produksjonen på Riksheim kraftstasjon.

<b>Elsertifikat</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Behaldning elsertifikat 1.1.	13 423	18 093
Behaldning elsertifikat 31.12.	17 542	13 423
Verdi behaldning 31.12	5 872	5 101





## NOTE 17 VATN, AVLØP OG RENOVASJON (VAR) - SJØLKOSTFOND

### Konsern

Fondsmidler	Saldo 1.1.2023	Årets endring	Saldo 31.12.23
Vatn	-201 033	-2 329 880	-2 530 913
Avløp	-2 773 758	-3 335 045	-6 108 804
Renovasjon	2 065 658	-191 388	1 874 270
Sum	-909 133	-5 856 313	-6 765 446

Mindreinntekt oppstår når selskapet har henta inn mindre inntekter enn kva reglane seier. Beløpet vert då sett av i eit negativt fond (eller reduserer eit positivt fond) og vert handsama som eit krav i rekneskapen vår. Beløpet vert henta inn frå kundane på eit seinare tidspunkt.

Meirinntekt oppstår når selskapet har henta inn meir inntekter frå kundane enn kva reglane seier. Beløpet vert sett av i eit positivt fond (eller reduserer eit negativt fond) og vert rapportert som gjeld i rekneskapen vår. Beløpet vil då bli tilbakeført kundane på eit seinare tidspunkt.

Denne forma for periodisering sikrar at eigeomsgebyra vert meir stabile og kundane unngår at kostnadene svingar unormalt frå det eine året til det andre. Både positive og negative fond vert renterekna, i 2023 var netto rentekostnad på fonda kr 157 481.

### Fond Attvin

Sykkylven kommune sin del av Attvin sitt utjamningsfond for renovasjon er per 31.12.23 kr 1 362 874.

For slam er utjamningsfondet per 31.12.23 kr 960 543.

Attvin sitt utjamningsfond vert fordelt pr kommune basert på ein del av den totale basiskostnaden i Attvin. Basiskostnaden er talet på registrerte anlegg \* basispris for tømning frå Attvin. Basispris er pris utan forbrenning, henteavstand og andre tilleggstenester.

## NOTE 18 BANKINNSKOT OG KASSAKREDITT

Bankinnskot og kontantar morselskap	2 543 775
Bankinnskot og kontantar konsern	4 998 451

Av bankinnskot morselskap er kr 306.214 bunde til skuldig skattetrekk.

Av bankinnskot konsern er kr 1.350.029 bunde til skuldig skattetrekk.

Kassakreditten si øvre grense er på kr 10 000 000.

Per 31.12.2023 har morselskapet ikkje trekt av denne ramma.

Opptrekk kassakreditt konsern var på kr 3.739.766.



Morselskap		Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		Konsern	
2023	2022			2023	2022
7 670 384	12 452 803	Resultat for skattekostnad		22 711 783	25 523 378
-1 878 428	-1 661 228	Betalt skatt i perioden		-4 152 100	-2 626 963
167 585	187 579	Avskrivningar		15 870 333	17 098 881
0		Endring i varelager		-62 690	-1 470 623
-387 282	-251 947	Endring i kundekrav		-521 514	-7 714 402
132 937	-1 087 004	Endring i leverandørgjeld		-17 887 446	17 314 974
-149 631	206 614	Skilnad mellom kostnadsført pensjon og inn/ubet. i pensjonsordningar		-3 004 896	1 380 053
0		Endring fond		-2 303 178	-9 501 399
4 966 800	-1 267 783	Endring i andre tidsavgrensingsposter		6 571 015	-15 396 460
<b>10 522 366</b>	<b>8 579 033</b>	<b>Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>		<b>17 221 307</b>	<b>24 607 439</b>
		<b>Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter</b>			
0	0	Utbetalinger ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel		-17 674 774	-23 759 422
		Utbetalinger ved kjøp av aksjar		-14 612	
<b>0</b>	<b>0</b>	<b>Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter</b>		<b>-17 689 385</b>	<b>-23 759 422</b>
		<b>Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter</b>			
25 000 000		Innbetalinger ved opptak av ny langsiktig gjeld		25 000 000	
6 891 820	6 341 820	Innbetalinger ved nedbetaling av langsiktig utlån konsern			
-6 891 820	-6 441 820	Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld		-6 891 820	-6 441 820
-25 000 000		Utbetalinger langsiktig utlån konsern			
		Netto endring kassekreditt		-6 876 288	2 969 737
-10 000 000	-7 000 000	Utbetalinger av utbytte		-10 000 000	-7 000 000
<b>-10 000 000</b>	<b>-7 100 000</b>	<b>Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter</b>		<b>1 231 892</b>	<b>-10 472 083</b>
<b>522 367</b>	<b>1 479 033</b>	<b>Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar</b>		<b>763 813</b>	<b>-9 624 067</b>
2 021 408	542 374	Behaldning av kontantar og - kontantekvivalentar 01.01.		4 234 638	13 858 705
2 543 775	2 021 408	Behaldning av kontantar og - kontantekvivalentar 31.12.		4 998 451	4 234 638
522 367	1 479 033	Endring behaldning av kontantar og kontantekvivalentar		763 813	-9 624 067

Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige likvide plasseringar.



Samfunnsrekneskapet syner kva verdjar som har vore skapt i konsernet og kva som vert innkrevd for offentlege myndigheiter, og korleis verdiane vert fordelt mellom ulike samfunnsaktørar.

<b>Verdiskaping i perioden</b>	<b>2023</b>		<b>2022</b>	
Tal i mill. kr				
Driftsinntekter	115 544		111 973	
- forbruk av innkjøpte varer og tenester	47 387		43 506	
<b>Verdiskaping brutto</b>	<b>68 158</b>		<b>68 467</b>	
- kapitalslit (ord. avskrivningar)	15 870		17 099	
<b>Verdiskaping netto</b>	<b>52 287</b>		<b>51 368</b>	
+ finansinntekter	161		128	
<b>Skapte verdjar til fordeling</b>	<b>52 449</b>		<b>51 496</b>	
+ meirverdiavgift	34 292		27 374	
+ forbruksavgift	12 289		11 468	
+ påslag på nettariifen til Energifondet	1 082		1 048	
<b>Verdjar innkrevd for off. myndigheiter</b>	<b>47 663</b>		<b>39 890</b>	
<b>Disponerte verdjar til fordeling</b>	<b>100 112</b>		<b>91 387</b>	
<b>Fordeling av verdiskaping</b>	<b>2 023</b>		<b>2 022</b>	
<b>Tilsette</b>				
Brutto løn og sosiale kostnader	21 700		21 943	
- skatt frå dei tilsette	5 159		4 972	
- arbeidsgjevaravgift	2 421		1 977	
<b>Netto fordelt tilsette</b>	<b>14 120</b>	<b>14 %</b>	<b>14 994</b>	<b>16 %</b>
<b>Kapitalinnskytarar</b>				
Renter m.v. til kredittytarar	7 902		3 898	
Utbytte	7 000		10 000	
<b>Netto fordelt kapitalinnskytarar</b>	<b>14 902</b>	<b>15 %</b>	<b>13 898</b>	<b>15 %</b>
<b>Stat og kommune</b>				
Skattekostnad på ordinært resultat	5 059		5 673	
Skatt frå dei tilsette	5 159		4 972	
Konsesjonsavgift	134		132	
Meirverdiavgift	34 292		27 374	
Forbruksavgift	12 289		11 468	
Påslag på nettariifen til Energifondet	1 082		1 048	
Arbeidsgjevaravgift	2 421		1 977	
<b>Netto fordelt offentleg</b>	<b>60 436</b>	<b>60 %</b>	<b>52 644</b>	<b>58 %</b>
<b>Halde tilbake i selskapet</b>	<b>10 653</b>	<b>11 %</b>	<b>9 850</b>	<b>11 %</b>
<b>Verdjar fordelt totalt</b>	<b>100 112</b>	<b>100 %</b>	<b>91 387</b>	<b>100 %</b>

## Fordeling av verdiskaping 2023



- Netto fordelt tilsette
- Renter til kredittytarar
- Utbytte
- Netto fordelt offentleg
- Halde tilbake i selskapet



**“Gi liv til eit samfunn  
i utvikling”**



**Sykkylven  
Energi**

Haugsetvegen 33  
6230 Sykkylven

Sentralbord: 70 24 63 00  
Feilmelding utanom arbeidstid: 70 24 63 50

[www.sykkylven-energi.no](http://www.sykkylven-energi.no)  
[firmapost@sykkylven-energi.no](mailto:firmapost@sykkylven-energi.no)



## Revisor Klokk AS

statsautoriserte revisorer



Revisor Klokk AS

Postboks 197  
6239 Sykkylven

www.revisorklokk.no  
Telefon: 70 25 48 10  
Epost: tormod@revisorklokk.no

Til generalforsamlinga i  
Sykkylven Energi Holding AS  
6230 Sykkylven

### MELDING FRÅ UAVHENIG REVISOR FOR 2023

#### Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

##### Konklusjon

Vi har revidert Sykkylven Energi Holding AS sin årsrekneskap som består av:

- selskapsrekneskapen som viser eit overskot på kr 7.518.712. Årsrekneskapen for selskapet er samansett av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og notar til årsrekneskapen, og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.
- konsernrekneskapen som viser eit overskot på kr 17.652.727. Konsernrekneskapen for konsernet er samansett av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og notar til årsrekneskapen, og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp

##### Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev selskapsrekneskapen eit rettvise bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultat og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne dato, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg, og
- gjev konsernrekneskapen eit rettvise bilete av konsernet si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultat og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne dato, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

##### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.



## Revisor Klokk AS

statsautoriserte revisorer

### *Ytterlegare informasjon*

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga og ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar introduksjon av selskapet og konsernet, nøkkeltal, styrets årsmelding og samfunnsrekneskap. Vår konklusjon om årsrekneskapen over dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga og den ytterlegare informasjonen. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, annan ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskapen vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om informasjonen i årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon inneheld vesentlege feil. Vi har plikt til å rapportere om årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon inneheld vesentlege feil. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

### *Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen*

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla

### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjersle som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare beskriving av revisors oppgåver og plikter vises det til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Sykkylven, 25. april 2024

**Revisor Klokk AS**

Tormod Klokk  
statsautorisert revisor